



Valle kommune

Samfunnsdelen

KOMMUNEPLAN 2016–2028

Utgåve: 22.06.2016

2016
2028



Innhald

01	Innleiing: Om kommuneplanen	4
02	Rammer for planarbeidet	6
03	Planprosess og medverknad	8
04	Status og utfordringar	10
05	Oppsummering hovudutfordringar	22
06	Kommunen som organisasjon	24
07	Overordna mål og strategiar	30
08	Samferdsel	32
09	Bukvalitet	34
10	Næringsliv	36
11	Kultur og fritid	38

Føreord

Kommuneplanen er langtidsplanlegging. Kommuneplanen er den viktigaste arena for overordna diskusjonar om korleis me ønskjer at kommunen skal utvikle seg. Kommuneplanen handlar om å sette oss langsiktige mål og velge satsingsområde for å møte dei utfordringane me ser.

Våre utfordringar som kommune er knytt til:

- Kommunen som produsent av dei tunge velferdsgodane
- Kommunen som arbeidsplass
- Kommunen som viktig medspelar i utviklinga av vårt lokalsamfunn
- Kommunen som forvaltar av fellesskapet sine og framtidige generasjonar sine ressursar

Kommunal sektor må heile tida vere bevegeleg for å møte nye tider og behov. Omstilling skal ikkje vere ein trussel. I disse prosessane er dei tilsette vår viktigaste ressurs og viktigaste medspelarar. Problemstillingane er ofte samansett. Det er ofte på lang sikt at me gjennom dei vegval me gjer i dag påverkar utviklinga. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er viktige verktøy for at me kan trekke i same retning mot felles mål.

Da er det mitt håp at denne kommuneplanen kan virke etter hensikten.

Valle 06.06.2016



Steinar Kyrvestad
ordfører



Figur 1: Organisering av kommuneplanarbeidet

01 / Innleiing: om kommuneplanen

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for kommunen. Kommuneplanen inneheld to delar som er integrerte i kvarandre; samfunnsdelen og arealdelen. Samfunnsdelen skal trekke opp dei langsiktige måla for Valle kommune, og leggje føringar for den retninga kommunen skal styre mot i framtida. Arealdelen er eit juridisk dokument for disponering av areal, der ein konkretiserer målsettingane. Arealdelen inneheld plankart, føresegner og retningslinjer for arealbruk i kommunen.

I Planstrategien til Valle kommune er det fastsett at kommuneplanen skal reviderast i inneverande valperiode. Samfunnsdelen i gjeldande kommuneplan er frå 2002, medan arealdelen er frå 2006. Kommunedelplan for Bjørnevåttn vart vedteken i 2008. Det er behov for å revidere både samfunnsdelen og arealdelen.

Valle kommune har dei siste åra vore prega av at folketallet har gått ned, og at snittalderen til folk i kommunen går opp. Folkehelsearbeidet skal sikre at den einskilde får fleire leveår med god helse og redusere sosial ulikskap blant innbyggjarane. Folkehelse, integrering, likestilling og mangfald skal leggast til grunn for alt arbeid i kommunen.

Kommunen ønskjer å tilby attraktive arbeidsplassar og å auke folketallet ved å få unge til å etablere seg. Det er og særleg viktig at kommunen kan tilby ei meningsfylt fritid for innbyggjarane. Kommuneplanen er delt inn i fire satsingsområde: Samferdsel, bukvalitet, næringsliv og kultur og fritid.

Planarbeidet har vore leia av rådmannen gjennom ei administrativ prosjektgruppe. Prosjektgruppa har hatt ansvaret for planarbeidet, framdrift og opplegg for medverknad. Det er oppretta tre arbeidsgrupper som har jobba med tema bukvalitet, næring og kultur og fritid. Styringsgruppe for kommuneplanarbeidet har vore eit utvida Formannskap med representant frå Krf i tillegg, då dette partiet ikkje er med i Formannskapet.



02 / Rammer for planarbeidet



Foto: Frode Buen

I 2011 ga regjeringa ut Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dokumentet legg føringar for innhaldet i den kommunale planlegginga. Døme på tema er folkehelse, areal og transportplanlegging, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Mange av temaa vil ikkje få eigne omtalar i kommuneplanen, men vert tekne inn i dei ulike satsingsområda. Andre rammer for planarbeidet er:

2.1 Heiplanen

Heiplanen, som vart vedteken i 2012, er ein regional plan for heilskapleg forvaltning av fjellområda og sikring av villreinen sitt leveområde. Planen fokuserer på bruk, vern og verdiskaping. Planen differensierer arealbruken i tre soner: Nasjonalt villreinområde, villreinområde (randsoneområda) og bygdeutviklingsområde, samt at den syner viktige trekkvegar for villrein.

2.2 Verneområde

Følgjande område i Valle kommune er verna:

- Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane. Landskapsverneområde (SVR), 2000 (naturvernlova)
- Kyrelitjern naturreservat. Verneplan for myr, 1986 (naturvernlova)
- i tillegg kjem automatisk freda kulturminne og freda bygningar (kulturminnelova)
- verna vassdrag. Njardarheim, Åmdalsvassdraget og Tovdalsvassdraget (verneplanar)

2.3 Regionplan Agder 2020

Regionplan Agder er ein felles plan for alle kommunane i Agder. Hovudmålet i regionplanen er å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for busetting og næringsutvikling både i kystsona og dei indre distrikta. Regionplanen har fem satsingsområde; Klima, Det gode livet, Utdanning, Kommunikasjon og Kultur.

2.4 Planstrategi for Valle kommune

Planstrategien vart vedteken 15.5.2012 og gjev føringar for korleis kommunen skal bruke planressursane sine i inneverande valperiode. Planstrategien gjev desse føringane for rullering av kommuneplanen:

Kommuneplanen skal reviderast i perioden. Revisjonen skal omfatte både areal- og samfunnsdel. For arealdelen er følgjande føringar sentrale:

- inkludere føringar frå Heiplanen
- løypenett
- nye hytteområde
- energisektoren/Vassdirektivet/Forvaltningsplan for vassregion Agder
- bustadområde
- kulturbygg

Det er ønskeleg at samfunnsdelen skal peike på dei målsettingar og oppgåver kommunen har innanfor helse, pleie og omsorg, oppvekst med meir i kommuneplanperioden. Oppfølginga av samfunnsdelen i dei ulike sektorane ønskjer ein i størst mogleg grad å gjere gjennom handlingsplanar.

Folkehelsevurderingar skal leggjast til grunn for alle tiltak/prioriteringar. Kommuneplanen skal fokusere på positiv folketalutvikling ved å sikre:

- betre levekår og folkehelse
- attraktive arbeidsplassar
- næringsutvikling

2.5 Kommuneplan 2002 – 2012

Det overordna målet i gjeldande kommuneplan er: «Valle kommune skal satse på nyskaping med utgangspunkt i lokale ressursar og fortrinn. Mangfald og utvikling skal prege næringslivet, kulturen og fritida. Me vil fremje ei utvikling i pakt med miljøet.»

Planen har fire satsingsområde; Næring, Oppvekst, Omsorg og Kultur og Miljø og fysiske kvalitetar.

2.6 Arealdelen til kommuneplanen 2006 – 2018

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteken 7.2.2006, og kommunedelplan for Bjørnevatn vart vedteken 26.3.2008. Planane syner den tillatne arealbruken i Valle kommune i dag med tilhøyrande føresegner. Hovudgrepa frå gjeldande arealplanar skal vidareførast.

2.7 Sektorplanar

Valle kommune har fleire sektorplanar:

- Plan for helse og omsorg,
- Strategisk plan for barn og unges oppvekst
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Drift i oppvekst

Ved rullering skal planane følgje opp mål og strategiar i kommuneplanen.

03 / Planprosess og medverknad



Det har vore gode høve til medverknad i planprosessen. På heimesida til kommunen er det skissert eit eige opplegg for informasjon om og medverknad til planarbeidet.

Det er arrangert fire temamøte (kort skildra under), der eit møte var på Valle ungdomsskule og var retta mot barn og unge med eit ege opplegg for medverknad. Innspel som kom fram på møta er dokumentert og tatt med vidare i planarbeidet. Sjå kommunen si heimeside for meir utfyllande informasjon og dokumentasjon.

3.1 Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Framlegg til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid for ny kommuneplan for Valle vart sendt ut i brev av 13. februar 2014 og samstundes varsla i Setesdølen og lagt ut på kommunen si heimeside. Planprogrammet omtaler formålet med planlegginga, kva planlegginga skal omfatte og korleis planlegginga skal gjennomførast.

Frist for uttale til planprogrammet vart sett til 15. april. Planprogrammet vart fastsett av kommunestyret i møte 25. juni 2014.

3.2 Politisk prosess

Politiske utval har fått drøftingsak til handsaming undervegs i utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel i følgjande møte:

Formannskapet (politisk styringsgruppe)

- 12. november 2014
- 10. desember 2014
- 14. januar 2015
- 11. mars 2015
- 23. mars 2015

Plan- og miljøutvalet

- 13. januar 2015
- 24. mars 2015

Oppvekst- og kulturutvalet

- 4. november 2014
- 2. desember 2014
- 25. mars 2015

Kommunestyret

- 26. november 2014

3.3 Temamøte samfunn og næring

7. mai 2014 var det folkemøte på Rysstad med tema Samfunn og næring. Lars Ueland Kobro frå Telemarksforskning heldt inspirasjonsforedrag. Etterpå var det gruppeoppgåver der folk kunne kome med forslag og idear.

3.4 Temamøte bustad- og sentrumsutvikling

Folkemøtet den 26. mai 2014 samla meir enn 40 personar for å drøfte korleis kommuneplanen kan leggje til rette for gode bukvalitetar og sentrumsutvikling. Kari Huvestad, som jobbar med stadutvikling i Aust-Agder fylkeskommune, og Espen Evensen Reinbjord frå Asplan Viak, heldt inspirerende foredrag i innleiinga. Deretter var det gruppearbeid kor elevane fekk peike på positive og negative ting i sentrumsområda i dag og kome med konkrete forslag til forbetringar.

3.5 Temamøte arealdel

10. juni 2014 var det informasjonsmøte i kommunestyresalen om arealdelen og kva som skal gjerast før innspela er klare til handsaming. Frist for innspel til arealdelen vart sett til 1. august 2014.

3.6 Medverknadsdugnad med elevar frå Valle ungdomsskule

26. august 2014 var det innspelseminar på Valle ungdomsskule. Dagen vart brukt til kreativ tenking omkring skulegarden og sentrumsområda i Valle og Rysstad. Alle elevane frå 8. – 10. klassesetrinn bidrog med kompetanse og stort engasjement! Formålet var å peike på positive og negative sider slik områda er i dag og konkret kome med forslag til forbetringar og ønske. Det syner seg at gutar og jenter har ulike preferansar. Det er utarbeidd notat med oppsummering av metode, innspel og analyser av resultatane.

3.7 Temamøte kultur og fritid

21. oktober 2014 vart det invitert til innspelsmøte om kultur og fritid. Gruppa var sett saman av representantar for oppvekst, kultur og fritid og det frivillige organisasjonslivet. Det var dessverre dårleg frammøte. For å få større breidde i innspela valde ein derfor å melde saka inn som drøftingsak til oppvekst- og kulturutvalet.

04/ Status og utfordringar



Foto: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

4.1 Areal og naturgrunnlag

Valle kommune har eit samla areal på omlag 1.290 km². Av dette er 0,7% jordbruksareal i drift, 9,2% skogsareal, 5,1% vatn og 84,7% heieareal. Lengda på kommunen etter riksveg 9 er 40 km.

Det er to tettstader i kommunen; Rysstad og Valle. Kommunesenteret ligg i Valle. Valle ligg omlag 300 m.o.h. og Rysstad omlag 260 m.o.h. Setesdal Austhei og Vesthei ligg jamt over mellom 800 og 1000 m.o.h. I Rjuvenområdet på Vestheia er det fleire toppar over 1400 m.o.h. På Austheia er Ljomsnuten den høgaste med 1268 m.o.h.

Urørte naturområde, flotte kulturlandskap og mange kulturminne er ein viktig ressurs for Valle. Desse kvalitetane skal i størst mogleg grad takast vare på og leggast til grunn for planarbeidet, særleg innan arealdelen. I løpet av perioden skal Valle gjennomføre arbeidet med kulturminneplan.

4.2 Folketals- og levekårsutvikling

Valle kommune har dei siste åra vore prega av at folketallet har gått ned. Tal og framskrivingar frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) tyder på ei lita auke i folketallet fram mot 2040 ved at gjennomsnittsalderen til folk aukar. Talet på innbyggjarar over 70 år vil auke med om lag 40% fram mot 2025 og 75% fram mot 2040, medan talet på barn og unge og personar i yrkesaktiv alder, vil vere om lag som i dag.

Folkehelsearbeidet skal sikre at den einskilde får fleire leveår med god helse og redusert sosial ulikskap mellom innbyggerane. Folkehelse, integrering, likestilling og mangfald skal leggast til grunn for alt arbeid i kommunen.

Tal frå SSB syner ei negativ netto flytting dei seinare åra. Framskrivningar syner årleg netto tilvekst på litt under 20 personar. Dersom innflyttinga ikkje vert høgare enn utflyttinga, vil det kunne føre til ei negativ folketalsutvikling. Færre barn og unge vil kunne gi urasjonell drift av skule og barnehage. Færre yrkesaktive vil vere negativt for næringsutviklinga og vil kunne føre til færre arbeidsplassar på sikt. Det er difor viktig å finne og å leggje til rette for familiar/personar som vil busette seg i kommunen, og syte for at dei som allereie bur i kommunen vert buande.

4.3 Bustadutvikling

Einebustaden er dominerande bustadtype i Valle. Sidan 1990 har det vore ein jamn vekst på i snitt 6-7 nye bustadar i året. I 1990 var 91% av alle bustadar i Valle einebustadar. I 2013 var talet redusert til 85%. Medan det vert fleire eldre og fleire som bur aleine, vil det på sikt vere behov for fleire mindre, enkle og lettstelte bustadar.


Det er og stor interesse for og etterspurnad etter småbruk, men det er få som ønskjer å selje. Frådeling av bustadtomt frå gardsbruk gjev spreidd busetting, som igjen kan gje ekstrakostnadar for kommunen, mellom anna til skuleskyss. Som alternativ til dei som ønskjer seg eit småbruk, har kommunen lagt til rette for sal av store tomter på rundt 5 mål i Øyne.

Bygging av kårubustad på gardsbruk kan vere noko problematisk. Plassering av bustadhus for fleire generasjonar nær kvarandre kan gje opphav til konflikstar, og særleg er det uheldig ved sal av gardsbruket eller kårubustaden.


4.4 Sysselsetting

Det var til saman 645 sysselsette i Valle kommune i 2011/2012. Talet på sysselsette har auka jamt sidan 1990, medan talet på arbeidsledige har gått ned i same periode. Det er i dag få arbeidsledige i kommunen.

Det er fleire som pendlar ut av kommunen enn inn. Utpendlinga har halde seg relativt stabil dei siste 10 åra. I 2013 var det 192 som pendla ut av kommunen for å arbeide. Innpendlinga har auka sidan 2001. I 2013 var det 129 som pendla inn i kommunen for å arbeide. Det var netto utpendling på 63 yrkesaktive i 2013.




Figur 4-1 Folketalsutvikling frå 1980 til i dag og framskriven utvikling fram til 2040 (sort strek med skala til venstre) vist saman med og årleg prosentvis vekst (blå strek med skala til høgre) i same periode



Figur 4-2 Folketalsutvikling barn og ungdom




Figur 4-3 Folketalsutvikling for yrkesaktive aldersgrupper




Figur 4-4 Folketalsutvikling for eldre aldersgrupper




Figur 4-5 Flyttemønster som viser årleg innflytting (grøn strek), utflytting (grøn stipla linje) og netto inn/ut-flytting (raud strek)




Figur 4-6 Bustadutvikling 1990 - 2013



Figur 4-7 Samla sysselsetting og arbeidsledighet i Valle



Figur 4-8 Inn- og utpendling til Valle kommune frå 1997 til 2013



Figur 4-9 Hovudnæringer, prosentvis fordeling 2011/2012

Kommunal tenesteyting er den største aktiviteten, med 36%. Bygg og anlegg er den nest største (17%), og har store bedrifter som sysselset mange. Andre hovudnæringer er bygg og anleggsverksemder. Det har vore stor vilje til å investere for framtida.

Handelsnæringsa utgjær 10% målt i tal på sysselsatte. Ei analyse frå Butikkutvikling Sør syner at Valle kommune har ei omsetning på om lag 120 millionar kroner i året. Av dette er matvarer om lag 46 millionar (tal frå 2012).

Telemarkforskning syner til at det likevel er mange bedrifter i kommunen som har svak lønsemd og vekst. Folketalet gjev liten marknadsstorleik. Bedriftene lyt difor i stor grad finne kundegrnlag utanfor eigen kommune.

Sysselsette innan kraftsektoren utgjær 6%. Desse arbeidsplassane utgjær eit viktig kompetansmiljø i kommunen. Utbygginga starta på 60-talet med bygging av Brokke kraftstasjon på Nomeland som i dag er drifts-sentral for store delar av Agder. Fleire andre mindre vassdrag er regulerte. Siste utbygginga var Brokke Nord/Sør som vart ferdigstilt i 2014.

Landbruket er, og har alltid vore, ei viktig næring i Valle. Landbruket har prega omgjevnadene våre, både kultur-landskapet og busettingsmønsteret. Primærnæringsa utgjær 6%.

Valle har sterke kunst- og handverkstradisjonar, til dømes sylvsmedtradisjonen, som nådde sitt høgdepunkt på 70-talet. I dag har talet på sylvsmedverksemder vorte redusert, men er likevel viktig for identiteten til valldølane.

Det er over dobbelt så mange hytter som bustader i kommunen. I følge Agderforskning sin rapport «Rural mobilitet» frå 2010 har Valle kommune 1567 hytter. 937 av desse er eigd av personar busett i andre kommunar. Ein har store, spreidde hytteområde som vart bygt ut på 1970-talet i Brokke- og Bjørnevatområdet. I byrjinga av 2000-tallet starta ei massiv utbygging på Furestøyl i Brokke med både hytter, løyper og alpinanlegg. Fram til ca 2010 var det godt sal og stor aktivitet i dette området, men salet har vore svakare dei seinare åra.

Lokaliseringa midt i Setesdal er gunstig for reiselivs-næringsa, med reiseruter frå kontinentet til fjordane på Vestlandet og til sambandet aust-vest over Suleskarvegen om sommaren. Ei sterkare satsing på aktivitets-tilbod vil vere positivt for reiselivsverksemdene.

4.5 Kultur, idrett og fritid

Varierte kulturtilbod

NOU 2013:4, «Kulturmeldinga 2014», slår fast at det er viktig å styrke den «kulturelle grunn muren», og det er særleg «ytringskulturen» som treng eit løft. Gode og varierte kulturtilbod er viktig, ikkje minst for dei unge. Barn og unge som kjenner og er trygge på sin eigen kulturelle identitet, vert meir opne og inkluderande i forhold til andre sin kultur og identitet som vaksne. Kulturopplevingar og medverknad i kulturaktivitetar er med på å gje gode oppvekstvilkår, god folkehelse og auka livskvalitet, og gjer oss i stand til å få betre utbyte av erfaringar og læring. Kultur er eit demokratisk gode og er med på å byggje fellesskapet i eit lokalsamfunn. Kultur kan også vere med på å gjere ein kommune meir attraktiv og gje godt omdøme.

Kommunen driv med ulike aktivitetar og tilbod innaføre kultur, så som ungdomsarbeid, ungdomsklubb, bygdekino, kveldsope symjebasseng, Den kulturelle spaserstokken, kulturskule, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, konsertar og andre arrangement, med meir. Gjennom tildeling av kulturtilskot og kulturmidlar støttar ein det frivillige organisasjonslivet.

Kulturskule

Kulturskule er eit lovpålagt opplæringstilbod. Valle kulturskule har eit variert tilbod innafør musikk, har plass til alle og låg semesteravgift. Kulturskulen har eit breitt tilbod også innafør folkemusikk, men opplever relativt låg interesse for dei fleste av desse tilboda. Tilbodet innafør dans endrar seg noko frå år til år, alt etter kva for kompetanse vi har i kommunen. Dei siste åra har det ikkje vore tilbod om moderne dans. Det har heller ikkje vore noko fast tilbod innafør kunst, men nokre helgekurs. Kulturskulen står for fleire konsertar og arrangement i løpet av året, gjerne i samarbeid med andre, og tek på seg små og store oppdrag av ulike slag. Det er kulturskulen som er hovudarrangør for Ungdommens kulturmønstring. Inntil no har ein hatt relativt god tilgang på kvalifiserte lærarkrefter, og kulturskulen er eit kompetansesenter både innaføre tradisjonsmusikk, folkedans og rytmisk musikk.

Ungdomsklubben

Ungdomsklubben er svært viktig. Der er det fokus på aktivitet, fellesskap og folkehelse. Klubben har fast opningstid ein kveld i veka. Ungdomsklubben står og for ulike arrangement og aktivitetar i løpet av året, åleine eller i samarbeid til dømes kulturskulen, ungdomskubbane i nabokommunane eller andre.

Lokale

Vi har mange lokale å bruke til arrangement – også grendehusa. Likevel er det ingen moderne lokale godt lagt til rette for konsertar/framsyningar, bortsett frå Spelestoga som er i dagleg bruk til undervising i kulturskule og skule. Både Storstoga i Valle kultursenter og Hylestad soknehus, som er dei lokala vi bruker til større arrangement, har betydelege behov for oppussing og oppgradering.

Folkebiblioteket

Folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem, og Folkebibliotekklava seier at alle kommunar skal ha ei folkebibliotek og ein fagutdanna biblioteksjef. Folkebiblioteket skal leggjast til rette for og vere tilgjengeleg for alle.

Valle kommune har eit hovudbibliotek i Valle sentrum og ein filial i Hylestad. Hovudbiblioteket i Valle sentrum har ikkje universell utforming, og trapper gjer det utilgjengeleg for rullestolbrukarar. Det er ikkje rom for samlingar for debatter og arrangement av ymse slag eller tilpassingar til ulike brukargrupper. Hylestad bibliotekfilial fekk nye lokale i 2004. Ingen av biblioteka har audiovisuelt utstyr. Det er få lese plassar og bare ein publikums-pc på kvart bibliotek. Dette gjer at det er vanskeleg å drive med opplæring av digital informasjons-henting til dei som treng det.

Staten legg stor vekt på livskvalitet og godt oppvekst miljø i føringane til kommunal planlegging. Folkehelsevurderingar skal liggje til grunn for alle tiltak. Regionalplan Agder slår fast at «Det gode livet» – kultur, utdanning og meningsfylt fritid – er viktige satsingsområde, og då må ein ha tilgang til kulturelle møtestader der terskelen for deltaking er minimal. Biblioteket er ein slik møtestad. Biblioteket skal vere debattarena og uformell møteplass, ikkje berre ein plass du kan låne bøker for å hente kunnskap.

Idrett

Valle har gode anlegg når det gjeld idrett, med idrettshall frå 2001, godt utstyrt styrketreningsrom, Alpinanlegg, lysløype, luft- og motorsportsenter, skytebane, spinning-sal, symjebasseng innandørs, uteanlegg med kunstgrasbane og friidrettsanlegg og tennisbane ferdigstilt i 2014. Vi har eit godt aktivitetstilbod innanfor idrett, men ser at det er vanskeleg å kunne gje så breitt tilbod som ønskeleg. Skulane og barnehagane sine utområde er viktige arenaer for aktivitet og uteliv. Barnehagar og skular ligg i område med flotte omgjevnader, men særleg uteområdet rundt Valle skule har vore lite stimulerande. Dette blir det no gripe tak i, og utviklinga av området tek utgangspunkt i forslag som kom fram under innspelseminaret i ungdomsskulen.

Arrangement og festivalar

Når det gjeld arrangement og festivalar, så har vi nokre store, relativt kjente arrangement gjennom året, så som Sentrumsfrukosten med brusteinsball, Setesdalskapleiken og Sauesjø. Desse arrangementa er viktige for oss, for dei samlar både bygdefolket, utflytta valldølar og tilreisande, på tvers av generasjonar.

Det er eit godt samarbeid mellom det frivillige og kommunen, og dei frivillige seier at dei opplever å bli støtta og verdsett av kommunen. Kommunen delar kvart år ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar, tilskot til kulturføremål etter søknad og utviklingsstipend til ungdom innan kultur og idrett. Dei frivillige opplever at det er vanskeleg å få ut midlar frå andre stader, ikkje minst fylkeskommunale/regionale tilskot. Ofte er det krevjande økonomi i konsertar og arrangement.

Setesdalskulturen

Setesdalskulturen er eit viktig satsingsområde for kommunen. Valle ligg i kjerneområdet for folkemusikk, sylvarbeid, husflid og bygningsrestaurering. Setesdalsmuseet er ein stor ressurs for formidling og som kompetansesenter. Det er mange kulturminne i kommunen. Generelt har det vore lite fokus på kulturminne som ressurs for aktivitetsutvikling.

Natur og friluft

Valle har sær gode og særprege ressursar innafør natur og friluft. Vi har flotte friluftsområde, men mange av dei er lite synlege/-tilgjengelege. Ein er no i gong med å utvikle turløyper og aktivitetsområde der ein legg vekt på opplevingar og aktivitet. Prestegardsskogen turløype og aktivitetsområde vart begynt på i 2014, og våren 2015 begynner ein på arbeidet med Prestefossen turløype med hengebru.







05 / Oppsummering hovedutfordringer



Foto: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

5.1 Folketal og levekår

Framskrivingane syner at folketalet er nede i ein bølgedal i 2015, og at ein kan vente at det vil auke svakt fram mot 2040. Dette vert forklara med at talet på eldre innbyggjarar vil auke. Ein får mange som går ut av arbeidslivet og lever lenger. Ein får dermed eit massivt generasjonsskifte i arbeidslivet som og kan gje positive utfordringar.

- ein må handtere dei velferdsmessige utfordringane som kjem av fleire eldre
- det vert viktig å sikre god rekruttering til arbeidslivet etter dei som vert pensjonert

Valle har eit høgt tal av hushald med låg inntekt. Dette er ei problemstilling ein må sjå nærare på i folkehelsearbeidet.

5.2 Sysselsetting

Talet på arbeidsledige har vore svært lågt i Valle kommune etter ein topp på 1990-talet. Folk er vande med å pendle ut for å få arbeid. Talet på sysselsette har auka frå 1990-talet til no. Likevel har det ikkje vore nok til å unngå nedgang i folketalet.

Aktiv næringsutvikling for å sikre eksisterande og få nye arbeidsplassar er viktig frametter.

5.3 Kultur, idrett og fritid

Det låge innbyggjartalet set naturlege grenser for kor store miljø ein vil få innan ulike sektorar. Likevel har Valle kommune ein aktiv friviljug sektor der dugnadsånda står sterkt. Lag og organisasjonar er avhenge av stor innsats frå enkeltpersonar, dette gjer miljøa sårbare.

- Valle kommune bør ha god infrastruktur og gode anlegg og møtestadar for denne sektoren
- ein bør ha gode stønads- og stimuleringsordningar til både topp og breidde

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltingsorgan.

06 / Kommunen som organisasjon



Foto: Frode Buen

6.1 Hovudoppgåver, mål og strategiar

HOVUDOPPGÅVER

Samfunnsutvikling

kommunane skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu der, mellom anna gjennom god planlegging

Tenesteyting

kommunane har et bredt ansvar for offentlege velferds-tenester

Forvaltning

kommunane forvaltar mynde i saker etter for eksempel sosial- og helselovgjevinga, plan- og bygningslova m.fl.

Mål for kommunen som organisasjon

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltingsorgan.

Strategiar

1. ha kompetente og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leiing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal leggje til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse
2. skape ein utviklingsorientert organisasjon
3. nytte LEAN-konseptet i alle arbeidsprosessar
4. digitalisering
5. brukarmedverknad
6. samarbeid med andre kommunar
7. vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer
8. kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing gjennom læring i det daglege arbeidet
9. ha fokus på nærleik og helsefremjande arbeidsplassar. Arbeide for å ha eit lågt sjukefråver gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråvær og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom

6.2 Økonomi og økonomistyring

Kommunen si finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å kunne gjere eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Tre sentrale nøkkeltal seier noko om kommunen sin status: netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond.

Mål

1. netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2%
2. forsvarleg nivå på lånegjelda (pr. 2014 lik 56% av brutto driftsinntekt (landsgjennomsnitt lik 75,9%))
3. disposisjonsfond på omlag 20 millionar

6.3 Valle kommune som samfunnsutviklar i regionen

Rolla som samfunnsutviklar handlar om å bidra til at Valle fungerer godt som samfunn, og om å vidareutvikle Valle i forhold til regionale omgjevnadar.

Valle kommune er sentralt plassert i Setesdal mellom aust og vest, der riksveg 9 er stamveg nord-sør og Brokke-Sulskardvegen og fylkesveg 45 er hovudvegar mellom aust og vest.

Mål

1. Valle kommune er ein naturleg vertskommune for regionalt samarbeid der følgjande regionale funksjonar er lokalisert: Konesjonskraft IKS, lensmannskontor, administrativt sete for Setesdal regionråd, PPT, barnevern, administrativt sete for forvaltning av Setesdal vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.
2. Valle sentrum skal utviklast til eit administrasjons-senter for regionen

Strategiar

1. ha ein kompetent og handlekraftig organisasjon som er i forkant av utviklinga med samfunns- og arealplanlegging
2. vidareutvikle det interkommunale samarbeidet om kommunale tenester der dette er til fordel for brukarar, økonomi og fag
3. vere opne for samarbeid med private om løysning av ulike oppgåver; partnerskap, OPS-samarbeid og liknande

4. ivareta samfunnssikkerheit i all planlegging og sjå til at det er god beredskap mot kriser og uønskte hendingar
5. leggje til rette for eit aktivt kulturliv
6. vidareutvikle digitale tenester med sikte på ei «døgnopen» forvaltning, betre tenester og dialog med innbyggjarane samt ei meir rasjonell kommunal drift
7. ha ei sterk økonomistyring av verksemda dei næraste åra for å skape økonomisk handlefridom og tilpasse tenestetilbodet til ein stadig strammare kommuneøkonomi
8. ha ein effektiv ressursbruk i forhold til samanliknbare kommunar
9. tenkje folkehelse i all planlegging
10. ha ei klar rollefordeling mellom folkevalde og administrasjon

6.4 Folkevalde skal

1. ha fokus på framtid, heilskap og prinsipp
2. bestemme kva kommunen skal gjere; prioritere og fastsette mål
3. fatte klare og realistiske vedtak
4. vere ombodsmenn for innbyggjarane
5. vere ein god arbeidsgjevar
6. føre kontroll med administrasjonen

6.5 Administrasjonen skal

1. lojalt sette politiske vedtak ut i livet
2. innafor kommunestyret sitt fastlagte rammer bestemme korleis oppgåvene skal gjennomførast
3. leggje fram grunnlag for gode avgjersler
4. forvalte lovar og reglar
5. fatte enkeltvedtak

6.6 Ei klimavenleg drift og forvaltning

Klimautfordringa gjeld alle. Kommunen kan ta ansvar og setje i verk tiltak som gjer kommunen sine klimautslepp så minimale som muleg. Som rollemodell kan dei tiltak kommunen gjer verke motiverande for omgjevnadane. Valle kommune skal ivareta klimaomsyn i all planlegging.

6.7 Flyktningar

Valle kommune har fatta vedtak i tråd med IMDI si oppmoding.

Mål

Sette flyktningane i stand til å leve av eiga inntekt

Strategi

Utarbeide realistisk individuell kvalifiseringsplan og gjennomføre denne

6.8 God kvalitet på kommunale tenester

6.8.1 Skule

Mål

1. kommunen skal vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet
2. grunnskolepoeng: behalde noverande nivå der Valle ligg over nasjonalt gjennomsnitt og er best i Aust-Agder
3. gjennomføring vidaregåande opplæring: 100%
4. mobbing: nullvisjon

Strategi

1. fokus på læringsresultat – vurdering for læring
2. fokus på læringsmiljø – ungdomstrinn i utvikling
3. fokus på ressursbruk – gruppestorleik i ordinær undervisning
4. fokus på tilpassa undervisning/spesialundervisning
5. fokus på overgangane: barnehage-barneskule-ungdomsskule-vidaregåande
6. førebygge mobbing og sikre eit godt miljø

6.8.2 Barnehage

Mål

1. barnehageplass som gjev kvalifisert tilbod til alle
2. barnehagen skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning

Strategi

1. ha pedagogiske leiarar med godkjent utdanning
2. ha grupper med 2 pedagogar og ein assistent
3. arbeide for å tilsette menn i barnehagen
3. fokus på språk- og talforståing

6.8.3 Kulturskule

Mål

1. Elevane skal oppleve meistring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og tiltak kulturskulen står for
2. Opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi skal leggje vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap
3. Alle elevar skal få plass
4. Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurscenter
5. Kulturskulen skal vere ein utviklingsorientert og attraktiv arbeidsplass

Strategi

1. tiltak og arrangement som gir den enkelte moglegheit til å oppleve formidlingsglede og meistring, byggjer identitet og skapar fellesskap skjensle, gjerne i samarbeid med andre kommunar og arrangørar
2. systematisk evaluering av tiltak, arrangement og opplæring
3. alle elevar skal få plass, inga venteliste
4. eleven skal vere i fokus når det gjeld tilpassing av opplæring
5. leggje vekt på informasjon og god kommunikasjon med både elev og foreldre
6. ein personalpolitikk som gjer at tilsette trivast på jobb, lågt sjukefråvær
7. bruke kulturskule, ungdomsarbeid, kultur og fritid i marknadsføringa av oppveksttilhøva i Valle kommune, byggje omdømet gjennom positiv omtale lokalt og regionalt

6.8.4 Folkebiblioteket

Mål

1. Biblioteket skal stadig utvikle seg som kulturarena og fortsette å stimulere til integrering, ytringsfridom og debatt. Informasjon, kunnskap og kulturarv skal vere tilgjengeleg for alle, både på fysiske og digitale plattformer
2. Valle bibliotek skal følgje med i tida og bidra til aktivitet i lokalsamfunnet
3. Valle folkebibliotek skal utviklast i tråd med Biblioteklova og nasjonale føringar, og det skal satsast på biblioteket som uformell møteplass, kunnskaps- og debattarena
4. Biblioteket skal leggje vekt på å vere eit tilbod med låg terskel og høg brukarfrekvens, med likeverdig tilgang for alle innbyggjarar

Strategi

1. samarbeide med det frivillige kulturlivet og næringslivet om tiltak som aukar bruken av biblioteket, samarbeide med alle aktørar som ønskjer å bruke biblioteka sine lokale til allmenntilgjengelege formål
2. utvikle gode lokale for formidling av alle slag og for ulike føremål
3. initiere arrangement som legg til rette for samfunnsdebatt og engasjement
4. leggje til rette for sjølvbetening på biblioteka og dermed utvida oningstider
5. satse på lågterskelopplæring i digitale løysingar
6. samarbeide tett med skular og barnehagar
7. delta på foreldremøte og informere om lesing
8. vere ein medspelar for integrering i lokalsamfunnet
9. utarbeide konkrete
10. handlingsplanar i tråd med dei retningslinjene som blir vedtatt av dei lokale politikarane

6.8.5 Pleie, omsorg og helse

Mål

1. redusere kostnadene til gjennomsnitt i kommune-gruppa
2. ha tenestekvalitet og brukertilfredshet som minimum er på landsnittet
3. ha dialog med brukarane om utvikling av tenestene
4. ha aktive helse- og omsorgstenester som bidrar til å ansvarleggjere den enkelte brukar. Framtidige brukarar vil ha andre behov og krav enn dagens tenestemottakarar, men og andre ressursar til å meistre dei. Dette krev at kommunen utviklar eit mangfaldig tenestetilbod til innbyggerane
5. utvikle ei robust, framtidsretta og fagleg sterk kombinert helse-, pleie- og omsorgsteneste for å møte dei krava vi ser kjem frå 2020

Strategi

1. ha helse- og omsorgstenester med en helse-fremjande, førebyggjande og rehabiliterande profil
2. ha sterke heimebaserte tenester som gjer det mogeleg for brukarane å bu heime
3. leggje til rette for frivilligheit og partnerskap med familie og lokalsamfunn
4. sikre god gjennomføring av samhandlingsreforma
5. ta i bruk moderne velferdsteknologi
6. vidareutvikle samarbeidet mellom helse- og pleie og omsorgstenesta

6.8.6 Arealplanlegging

Fokusområder

1. naturmangfald
2. arealforvaltning som tek omsyn til reduksjon av klimagassar, energi- og transportbehov
3. sikre landbruksareala
4. sikre barn og unge sine interesser
5. ivareta samfunnssikkerheit og beredskap
6. ivareta villreinen sine interesser

6.8.7 Byggesak

Mål

1. handsame alle saker innan tidsfrist
2. sikre god saksbehandling

Strategi

1. sikre at sakene er tilstrekkeleg dokumentert og opplyst
2. sikre dispensasjonsbehandling slik at vedtak vert grunngjeve i høve til kriterium i lova

6.8.8 Naturforvaltning

Kommunen har store naturverdiar mellom anna knytt til kulturlandskap. Det er viktig med god kompetanse innan dette feltet for å vere i stand til å ha eit aktivt forhold til temaet.

6.8.9 Landbruk

Mål

bidra aktivt til vidareutvikling av jord- og skogbruk i kommunen

Strategi

ha engasjerte, fagleg dyktige rådgjevarar som kan vere både pådrivarar og rådgjevarar innan jord- og skogbruk

6.8.10 Miljøvern

Mål

1. følgje opp Heiplanen
2. rullere arealdelen av kommuneplanen
3. ha fokus på naturforvaltning, naturmangfaldet
4. vatn- og vassressursforvaltning
5. handtere kommunen sine roller som både forureinar og som forureiningsmyndigheit

Strategi

1. engasjerte og kompetente medarbeidarar
2. følgje opp ansvaret og myndet innan forureining

6.8.11 Verjemål

Mål

ha fokus på at institusjonar, buformer med heildøgn omsorg og pleie samt ansvarleg for kommunale helse- og sosialtenester utanfor institusjon har meldeplikt overfor Fylkesmannen ved behov for verjemål



07 / Overordna mål og strategiar

Kommuneplanen gjev rammer og fastsett mål for utvikling av kommunen. Det er peika på strategiar for å kunne nå måla i kommuneplanperioden. Kommuneplanen skal gje retning – ikkje detaljstyre.

Ein ønskjer at kommuneplanen skal synleggjere kommunen som ein attraktiv stad å busette seg og å nytte fritida.

Kommunen skal i neste periode fokusere på følgjande område:

- samferdssel
- bukvalitet
- næringsliv
- kultur og fritid

Valle kommune ønskjer å kunne tilby attraktive arbeidsplassar og auke folketalet ved å få unge til å etablere seg. Barn og ungdom skal ha ein trygg og god oppvekst i Valle. Kommunen skal bidra til ei meningsfylt fritid for innbyggjarane.

Gjennomgåande føresetnader for utvikling av mål og strategiar i kommuneplanen:

- stabilisere og auke folketalet
- likestilling, integrering og mangfald
- folkehelse
- sentrumsutvikling

Planen vil vere styrande for administrasjonen sine prioriteringar og vurderingar ved framlegging av saker for kommunestyret og ved val av løysingar.



08 / Samferdsel



Foto: Frode Buen

8.1 Mål

Valle kommune skal ha eit effektivt, framtidsretta og trafikkikkert vegnett bygd opp kring riksveg 9 gjennom Setesdal som hovudåre, med forgreining til Dalen i aust via fylkesveg 45 og Sirdal i vest via fylkesveg 337.

For Valle kommune er det særleg viktig med gode vegar. Betre kommunikasjon til og frå Valle betyr mykje for både busetting, næringsliv og turisme. Det er ei målsetting å fullføre riksveg 9 med «gul stripe til Hovden» innan 2023.

Det såkalla Sørlandsutvalet føreslo at det skulle utgreiast ein stamveg mellom Oslo og Stavanger gjennom Setesdal og Sirdal. Dette meinte Sørlandsutvalet ville utløyse ny utvikling i dei indre bygder. Ein føreslår å starte arbeidet med denne saka.

Ei utbygging og utbetring av hovudvegnettet vil kunne gje Valle kommune ein meir variert og fleksibel arbeidsmarknad. Heilårsveg Brokke-Suleskar kan gje grunnlag for nye næringar og verksemdar, og vil gje eksisterande næringsliv større marknad.

Kortare reisetid frå sentrale strom vil ha positiv effekt på marknaden for fritidsbustader og auke bruken av desse.


Det kommunale vegnettet skal tilfredsstillе krava til trafikkisering, effektiv drift og forvaltning.

Meir fysisk aktivitet gjennom å gå og sykle til skule og arbeid. Dette er viktig for folkehelsa.

Åraksøyne er eit viktig element i samferdslesamanhang i Valle kommune. Luft- og motorsportsenteret må vidareutviklast.

8.2 Strategiar

1. utbetre riksveg 9 gjennom Setesdal ved strategisk samarbeid på Agder
2. arbeide for oppgradering av fylkesveg 337 til heilårsveg og forbetring av fylkesveg 45 som ein del av ein aust-vest aksa Oslo-Stavanger. Dette vil vere strategisk viktig, og vil styrke Valle vesentleg som trafikknutepunkt for både nord-sør trafikk på RV 9 og aust-vest trafikk på FV 45.
3. leggje betre til rette for gåande og syklende på nye parsellar



Valle kommune skal vere ein attraktiv og trygg stad å bu med gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for alle.

09 / Bukvalitet

9.1 Mål

Valle kommune skal vere ein attraktiv og trygg stad å bu med gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for alle.

For å vere ein attraktiv stad å bu må Valle kommune kunne tilby attraktive bustadområde med attraktive omgjevnader. Kommunen må arbeide for at innbyggjarane trivst og opplever eit trygt og inkluderande miljø, og at nye innbyggjarar kjenner seg velkomne. Ein må satse på barn og unge sitt lærings- og oppvekstmiljø. Funksjonar og tilbod i sentrumsområda er viktige for utviklinga av sterke lokalsamfunn og gir grunnlag for utvikling av gode møteplassar.

9.2 Strategiar

9.2.1 Bmiljø

- stimulere til utvikling av tilrettelagte, varierte og sentrumsnære bustadar
- sikre gode leikeareal og godt utemiljø i bustadområde og områda knytt til barnehage og skule
- styrke og leggje til rette for tette og levande sentrum med uformelle møtestader
- sikre rett kompetanse hos personalet i barnehage, skular og SFO

9.2.2 Oppvekst

- leggje vekt på arbeid med godt læringsmiljø, individuelt tilpassa opplæring og trivsel i barnehage og skule
- leggje til rette for varierte aktivitetstilbod

9.2.3 Fritid

- utvikle og leggje til rette for frivilligsentralen
- leggje til rette for frivillige lag og organisasjonar



Valle kommune skal vere
ein attraktiv «fritidskommune»
for Sørvestlandet.

10 / Næringsliv



Foto: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

10.1 Mål

Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handverk og naturbaserte verksemder står sterkt.

Valle kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland).

I dette ligg det at vi er ein attraktiv stad å nytte fritida for dei som bur i byane. Det gjeld hyttefolk og «vanlege» turistar. Vi meiner det er stort samsvar mellom god plass å bu og god plass å besøke.

10.2 Strategiar

Kommunen skal trygge eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nye arbeidsplassar ved å

1. stimulere og vidareutvikle arbeidsplassar innan

- kultur og handverk
- kraftsektoren
- naturbasert næringsliv, til dømes innan bratt friluftsliv
- landbruket ved å auke lokal verdiskaping gjennom å vidareutvikle mat- og landbruksprodukt

2. stimulere til nyskaping ved å

- stimulere til entreprenørskap blant barn og unge
- etablere ein utviklingskultur der det er lov å feile

3. utvikle eksisterande og nye område for fritids bustader gjennom strategisk arealpolitikk ved å

- Brokkeområdet er Valle sitt hovudsatsingsområde for fritidsbusetting og vintertilbod
- utvikle Bjørnevatnområdet i samsvar med kommunedelplanen frå 2008
- vere open for å bygge fritidsbustader i andre område der tilhøva ligg til rette
- leggje til rette for fritidsbustader som «second homes». Dette for å ha størst mogleg bruk av fritidsbustaden.
- prioritere fritidsbustader som ligg slik at ein kan nå andre tilbod/service/aktivitetar – auka marknad for næringslivet og større sosiale nettverk

4. leggje til rette for eit aktivitetstilbod som er attraktivt heile året ved å

- konsentrere seg om nokre viktige aktivitetstilbod (dei med best effekt/marknadsværdi etter sesong). Viktig for både reiselivsnæring og bruk av private hytter
- leggje til rette for ulike aktivitetstilbod, td. «bratte» aktivitetar, terrengsykling mm
- utnytte eksisterande aktivitetstilbod betre. Vurdere om kommunale anlegg kan vere opne for publikum i helgene og feriar (idrettshall, symjehall) Dette vil gje Valle kommune auka konkurransekraft og bidra til ein positiv utvikling.

5. arbeide aktivt for heilårsveg Brokke – Suleskard,

- noko som vil gje tilgjenge til ein stor marknad der vi vil vere konkurransedyktige

6. styrke og utvikle eksisterande sentrum ved å

- vidareutvikle stadkvalitetane i sentrumsområda for å styrke trivsel og handel

11 / Kultur og fritid



Foto: Setesdølen – Ole Birger Lien

11.1 Mål

Valle kommune skal utvikle og leggje til rette for eit variert kultur- og fritidstilbod. Arbeidet med «den kulturelle grunnmuren» skal leggjast særleg vekt på. Kommunen skal støtte opp om lag, foreiningar og anna frivillig arbeid.

Det er særleg viktig å leggje til rette for at barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår med inkluderande og varierte fritidsaktivitetar, og at kommunen kan vere med på å tilby ei meningsfylt fritid for innbyggjarane i alle livsfasar.

Kulturskule er eit lovpålagt kommunalt tenestetilbod. Kulturskulen byggjer på eit humanistisk menneskesyn og humanistiske samfunnsverdiar, og skal bidra både til å vidareføre og fornye kulturarva vår. Valle kulturskule skal vere ein faktor som verkar positivt inn på bukvalitet i Valle, synleg i lokalsamfunnet og regionen. I kulturskulen skal det vere rom både for individualitet og mangfald, spissing og breidde, og tilbodet skal ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Gjennom kulturskulen skal elevane få moglegheit til å formidle og oppleve, reflektere og gjere val, og få styrka sin sosiale, estetiske og kulturelle kompetanse. Kulturskulen skal fremje folkehelse, i eit breitt perspektiv.

Folkebiblioteket vil vere aktiv i å auka interessa for lesing. Lesing blir meir og meir viktig når samfunnet blir enda meir teknologisert og digitalt. Biblioteket ser på det som eit viktig demokratisk arbeid at alle får kunnskap om å hente viktig informasjon frå den digitale informasjonsflyten. Biblioteket vil også vera ein medspelar til den lokale kulturen og til frivillig arbeid i kommunen. Sjølvbetening på begge biblioteka vil auka tilgangen til lokala og det som biblioteket kan by på.

11.2 Strategiar

«Løfte i flokk»:

- aktivt støtte lag og foreiningar
- samarbeide med det frivillige kulturlivet og næringslivet om tiltak som
- verkar inn på trivsel, folkehelse og bukvalitet, og å vidareutvikle dei faste arrangementa
- arbeide for eit kultur- og organisasjonsliv som er prega av rausheit og inkludering
- sjå og løfte fram ressursane hos dei som kjem til oss

Barn og ungdom:

- utvikle tilbodet i fritidsklubben
- leggje vekt på ungdomsmedverknad i tiltak og arrangement for ungdom
- vidareutvikle tilbodet i kulturskulen, drive målretta utviklingsarbeid
- samarbeide med andre kommunar og frivillige om tiltak og arrangement for ungdom

Møteplassar og formidlingsarenaer:

- leggje til rette for, og vere med på å utvikle, uformelle møteplassar
- utvikle biblioteket i tråd med Biblioteklova og satse på biblioteket som uformell møteplass, kunnskaps- og debattarena
- arbeide for gode lokale for kulturformidling

Friluftsliv og aktivitet:

- leggje til rette for fleire heilårs turløyper og -stiar, særleg nær sentra/bustadfelt, og ulike formar for aktivitetar knytt til desse
- satse på kulturformidling og kulturminne som ressurs og attraksjonskraft

Planarbeid:

- i løpet av kommande periode utarbeide kommuneplan for kultur, kulturformidling og kulturarenaer
- i tråd med overordna føringar utarbeide kulturminneplan – registrere og gjere kulturminna i Valle kommune meir synlege og tilgjengelege



Valle kommune

Valle kommune

Postboks 4

4774 Valle

www.valle.kommune.no